

Lindås kommune
Planavdelinga
v/Line Thuen Waage

15.august 2017

FRÅSEGN TIL SAMFUNNSDELEN AV KOMMUNEPLANEN FOR LINDÅS

Alversund mållag er oppteken av språket me snakkar og skriv, og å ta vare på den unike strilekulturen. Gjennom ord vert verda stor, og språk og identitet heng nøyne saman.

Språket definerer kven me er både som enkelt menneske og som gruppe. Det er viktig å ta vare på språket og vera stolt av det me har. Det er difor særstundt uheldig å plassera det å ta vare på språk og identitet i ein kulturminneplan slik framlegget no er, sjå side 24, strategi 45. Alversund mållag ynskjer at språk og identitet vert ein eigen strategi og har følgjande framlegg:

Strategi : *Ta vare på eige språk og identitet* Oppfølging i underordna planar/tiltak: *Målbruksplan*.

Ein målbruksplan i kommunen kan vere ein god reiskap til å skapa ordskifte om, og haldninga til, korleis me nyttar språket. LNK har ein eigen mal til hjelp for sine medlemskommunar. Alversund mållag oppmodar kommunen om å nyttar malen som eit utgangspunkt for drøfting og endeleg vedtak om ein communal målbruksplan. Malen bør drøftast internt, t.d. i eigne arbeidsgrupper, og tilpassast dei konkrete tilhøva i kommunen før han blir lagt fram til endeleg behandling. Når planen er vedteken, må han gjerast kjent for alle tilsette. Han bør plasserast i personalhandboka, og delast ut til alle nytilsette. Sjå lenke LNK:
<http://lnk.no/om-lnk/målbruksplanar>. Det verkar nærliggjande å ta kontakt med Radøy kommune på dette feltet, sidan dei alt har vedteke ein målbruksplan.

Det viktigaste kulturelle uttrykket for alle menneske er språket. Dialekten og nynorsk er viktige kjenneteikn for innbyggjarane i kommunen. Språk og identitet er derfor relevante i den daglege verksemda i kommunen. Særleg for barn og unge er dette viktig. Fjell kommune har i samarbeid med Universitetet i Bergen arbeidd med prosjektet « *Stolt av eige språk*». Lindås er som Fjell eit pressområde og satsinga i Fjell og prioriteringa av strilamålet og nynorsk der kan vera eit føredøme for liknande prosjekt i Lindås.

Det å vera stolt av eige språk styrker unge i ei tid då dei skal finna sin eigen identitet. Språk og identitet kan såleis ikkje handsamast separat i ein kulturminneplan. Arbeid som tek vare på lokalt særpreg, språk og identitet er også viktig for å byggja bru mellom generasjonane. For å leggja til rette for at unge vert verande i kommunen etter endt utdanning (sjå strategi 29), er det viktig at dei er stolte av plassen dei kjem frå.

Kommunen må også innarbeide dei overordna måla sett i kulturplanen for 2010-2020 i samfunnsdelen til kommuneplanen :

- Kulturlivet skal vera inkluderande og for alle.
- Den frivillige innsatsen skal stå sentralt i kulturlivet
- Lag og organisasjonar skal stimulerast og støttast
- Bygdeidentiteten skal ivaretakast.
- Det skal leggjast til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge.
- Kulturtilbodet skal speglar kulturarven og samstundes vera nyskapande og synleg.

Lindås kommune treng ein frivillig strategi som sikrar at frivillige lag og organisasjonar og kommunen saman kan arbeida til beste for innbyggjarane.

Støtte og tilrettelegging av frivillige aktivitetar krev ofte økonomisk investering og oppfølging i langt større grad enn det tildelte kulturmiddlar kan dekka. Det er særskilt viktig at kulturmidlane aukar i takt med det som er vedteke i kulturplanen – det vil seia 50% auke innan 2020 frå 2010 nivå.

Inger Helen Midtgård
Leiar Alversund mållag